



## Saksprotokoll

---

**Organ:** Kontrollutvalet

**Møtedato:** 06.05.2019

---

**Sak nr.:** 19/522-8

**Internt l.nr.:** 26079/19

**Sak:** 26/19

**Tittel:** **Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet 6. mai 2019**

**Behandling:**

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

1. Status Forvaltningsrevisjon v/Deloitte
  - a. Desisjonssaka (18/1476)

*Desisjonssaka er under arbeid og i rute. Orienteringa vart teken til vitande.*

2. Medlemsnytt frå FKT

*Folkevaldopplæring – Viktig å få med gode forelesarar for å skape interesse og ikkje bruke for mykje «tekniske» framstillingar. Bruk av gode case er formålstenleg.*

*Vedlagde Informasjonsskriv vart tekne til vitande.*

3. Orientering etter representantskapsmøte i Trivselshagen IKS v/Klaus Iversen

*Orienteringa vart gjennomgått før behandling av prosjektplanen for forvaltningsrevisjon av Trivselshagen IKS i sak 25/19.*

*Orienteringa vart teken til vitande.*

4. Orientering frå leiar og kontrollsjef

*Kontrollutvalet går inn for at kontrollsjefen arbeider med kontrollutvalssaker til Hordaland fylkeskommune i ei viss utstrekning ut året. Kontrollsjefen må sjølv avgjere omfanget.*

*Kontrollutvalet diskuterte eventuell ordning for at kontrollutvalsmedlemmer kan stille i sine partigrupper i framkant av fylkestinga for å legge fram kontrollutvalet sine saker som skal til fylkestingsbehandling. Utvalet går inn for at dette skal vere mogeleg slik at kontrollutvalssakene vert betre kjende til fylkestingsbehandling. Den enkelte sender søknad til kontrollsjefen om dekning av møtegodtgjersle, reisekostnader og diett i samband med slike møte.*

*Kontrollutvalet ba kontrollsjefen ta med oppmøte i partigruppene før fylkestingsbehandling av kontrollutvalssaker, som innspel i saka om reglement, der ein vil legge opp til at kontrollutvalsmedlemmane som ikkje er medlemmer i fylkestinget har høve til å få dekka*

*reise- og diett i tillegg til møtegodtgjersle for å delta på gruppemøte i framkant av fylkesting der kontrollutvalssaker er på sakskartet.*